



Dette bildet av Sven Ottar Rørheim er teke etter den første jaktatta. Men det var i 2009!

**Svein Ottar Rørheim har jakta hjort i Uskedalen i 25 år men så dårleg jaktutbytte som denne hausten har han aldri opplevd før. Så langt og etter den første månaden har han skote berre ein kalv og medan valdet hans har rett på 30 dyr er berre 6 felt så langt.**

**Svein Ottar har nytta kikkerten intenst men ikkje sett eit einaste dyr. Og nokon bestemt forklåring på kvifor det er slik har han ikkje, men han trur at mange faktorar kan spela inn.**

Vertilhøva kan vera ein faktor, at bestanden har nådd eit klimaks ein annan. Svein Ottar er spent på kva ekspertane i Norsk Hjortesenter eller andre har som forklåring. Valdet fekk i fjor 18 av 30 dyr.

Haugland hjortevald, som til slutt fekk ei kvote på 28 dyr, kan rapportera at 9 dyr er felt så langt.

Kåre Vetrhus kommenterer

dette med at 'vi er godt i rute' og erfarer at hjorten no har teke til å trekkja ned i bygda frå høgareliggjande område.

Og ettersom jakta frå i år er forlenga frå 10. oktober og fram til jul har han tru på eit godt resultat til slutt.

I fjor vart det felt 1250 hjortar i landets største hjortekommune men utbyttet i Uskedalen var noko mindre enn i Kvinnherad som heilheit.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen